

Store stjerner i Chess-hovudroller

Bømlo og Moster Amfi får æra av å vera staden musikalstjerna Lisa Stokke spelar sin første store musikal i Noreg. Bømlo Musikallaug er frå seg av begeistring.

Den komplette oversikta over hovudrollene til musikalen Chess i Moster Amfi er no klar. Ingen ringare enn Noregs musikaldrønning, Lisa Stokke skal spela rolla som Florence. Stokke har tidlegare spela hovudrolla som Sophie i ABBA-musikalen "Mamma Mia" i London i over eitt år. Før dette var ho i det fyrste kullet som studerte ved den kjende Paul McCartney-skulen i Liverpool.

Sterke artistar

Elisabeth Moberg skal spela den andre kvinnelege hovudrolla i Chess, Svetlana. Moberg er best kjend frå "Kvinner på randen" der ho har vist både store songprestasjonar og formidlingsevne. Frå før har Bømlo Musikallaug kapra Rein Alexander, Heine Totland, Espen Hana, Ståle Ytterli og Sigurd Sele i dei mannlege hovudrollene.– Me er strålende nøgde med den dyktige gjengen me har fått samla, seier ass. produsent Bjørn Håvard Bjørklund. Ekstra gøy synest han det er å nyleg ha fått Stokke og Moberg med på laget. Det har vore gjennomført auditionar med mange dyktige og gode kandidatlar frå både Noreg og Sverige.



Elisabeth Moberg